



Abora Prosjekt AS v/Kåre Knapstad  
Arnatveitlia 3  
5262 ARNATVEIT

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1424 - 18/16772

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
25.05.2018

## Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 137/665

**Tiltak:** Søknad om avkjørsle frå kommunal veg  
**Bygjestad:** Gbnr: 137/665 Tuftamyra 2A / 2B  
**Tiltakshavar:** Abora Prosjekt AS v/Kåre Knapstad  
**Ansvarleg søker:** Arkitekt Kristian Solheim

Delegasjonssak nr.: 260/18

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for 2 bustadeiningar datert 02.05.2018.

### Saksutgreiing:

### Informasjon om saka:

Avkjørsle frå 2-mannsbustad er ikkje etablert i samsvar med godkjente teikningar. Vegavdelinga kan ikkje godkjenne avkjørsla slik den er bygga og eigarane av dei 2 bustadane er ikkje nøgd med løysinga. Avkjørsla kjem ut midt i eit kryss og vegen går tett på inngangspartiet til den eine bustaden.

Det har vore fleire møter og tidlegare forslag til løysing som ikkje har ført til ei løysing alle partane kunne vere samde i.

### Vurdering/drøfting:

Forslaget det vert soikt om er ikkje heilt optimalt med tanke på dei tekniske krava til avkjørsler. Bil frå 137/665 klarar bla. ikkje stå vinkelrett på veg ved avkjøring.

Men den løysinga som no ligg føre er nok den nærmeste løysinga alle partar kan verte samde om og den beste for begge bustadane slik husa ligg i forhold til kommunal veg og terregn.

Når tiltaket er ferdigstilt, skal eksisterande avkjørsle, slik den er etablert i dag, fjernast og stengast av med fysiske barrierer slik at den ikkje kan nyttast som tilkomst til bustaden. Begge bustadane vil då ha tilkomst frå Tuftamyra.

### Samandrag/konklusjon:

Vegavdeling er villig til å godta løysinga slik den no ligg føre. Dersom krava i vilkåra vert oppfylt.



**Vedtak:**

Lindås kommune gjev løyve på vilkår til søknad om oppretting av avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

**Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:**

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vognnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Dagens avkjørsle skal fysisk stengast av slik at det ikkje e mogleg å køyre ut. Dette skal dokumenterast med biletet før tiltake vert godkjent.
- Det må søkjast om dispensasjon frå byggegrense mot veg for forstøtningsmur som er tenkt oppført for å sikre tilkomst til bustaden.
- Då vassledning frå kommunalt VA-anlegg ligg i vegen Tuftamyra, må det og søkjast om dispensasjon frå avstandskravet til VA-anlegg for tiltak med å setje opp forstøtningsmur. Avstandskravet er 4m. Avstand frå eigedomsgrensa kor mur er teikna på situasjonskartet til vassledning varierer mellom 2m og 3m. VA-kart ligg vedlagt.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

**Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4. ledd.

**Med helsing**

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Vedlegg:  
VA-kart tuftamyra

Kopi til:  
Byggesak  
VA-avdeling  
Vegavdeling

**Mottakarar:**

Abora Prosjekt AS v/Kåre Knapstad	Arnatveitlia 3	5262	ARNATVEIT
Arkitekt Kristian Solheim	Øvre	5018	BERGEN
	Korskirkesmug 2B		